



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.
3a1759c3-bed0-
4367-bf17-
4280199ab9b5

Vår ref.
26/2132-4 /ELITVE/26/20674

Arkiv:
FA-S10

Dato
10.06.2026

Uttale til søknad om å endra minste slukeevne i Grøndalselva kraftverk

Utval for samfunn, plan og næring har i møte 03.06.2026 09:00 fatta følgjande vedtak i sak 045/26:

Ullensvang kommune rår til at Norges vassdrags- og energidirektorat gjev Bystøl AS på vegne av Grøndalselva Kraft AS løyve til endring av minste slukeevne i Grøndalselva kraftverk.

Helsing

Elisabeth Pettersen Tveit
rådgjevar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00
Sentralbord: 09.00 – 15.00
Org.nr 920 500 633

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda
postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss

Besøk innbyggjartorga i
Jondal, Odda og Kinsarvik
www.ullensvang.kommune.no





Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Utval for samfunn, plan og næring	03.06.2026	045/26

Saksbehandler:	Arkivsak – dok.nr	26/2132 – 3
Elisabeth Pettersen Tveit	Journalpostnr.	26/17682

Uttale til søknad om å endra minste slukeevne i Grøndalselva kraftverk

Vedlegg
Høyring av søknad om å senke minste tillatte slukeevne i Grøndalselva kraftverk.pdf
Søknad om endring av minste slukeevne og overføring av sidebekk, Grøndalselva kraftverk.pdf

Saka blir avgjort av:

Utval for samfunn, plan og næring

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven)

Tilråding frå rådmannen:

Ullensvang kommune rår til at Norges vassdrags- og energidirektorat gjev Bystøl AS på vegne av Grøndalselva Kraft AS løyve til endring av minste slukeevne i Grøndalselva kraftverk.

Utval for samfunn, plan og næring 03.06.2026

Framlegg, sett fram av Lisa Karine Haugland, Raudt

Ullensvang kommune rår i frå at NVE gjev løyve til endring av minste slukeevne i Grøndalselva kraftverk då det ikkje er gjennomført nye naturfaglege kartleggingar for denne endringa.

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteke med 7 mot 6 røyster, mindretalet røysta for framlegget frå Lisa Karine Haugland (A. Botnen, J. Vangen, A. Forstrøm, V. Solvi, L.K.Haugland, T. Bolstad).

USPN – 045/26 Vedtak

Ullensvang kommune rår til at Norges vassdrags- og energidirektorat gjev Bystøl AS på vegne av Grøndalselva Kraft AS løyve til endring av minste slukeevne i Grøndalselva kraftverk.

Saksopplysningar:

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har sendt søknad frå Bystøl AS på vegne av Grøndalselva Kraft AS på høyring. Fristen for å koma med uttale er 28.06.2026. Bystøl AS søker om løyve etter vassressurslova til å senka minste tillatne slukeevne i Grøndalselva kraftverk frå 1,12 m³/s til 0,2 m³/s.

Bakgrunnen for søknaden er å auka produksjonen, særleg i periodar med låg vassføring og høg straumpris. Effekten av endringa i slukeevne vil gje ei gjennomsnittleg årleg produksjonsauke på 1,6 GWh (frå 8,6 GWh til 10,2 GWh – eller 18,6 % auke). Det er ikkje gjennomført noko eigen naturkartlegging i forbindelse med søknaden. Søklar refererer i staden i hovudsak til dei kartleggingane som vart gjort i 2007 i samband med søknaden om konsesjon til Grøndalselva kraftverk.

Delen av søknaden som omhandlar overføring av ein sidebekk er ikkje ein del av denne høyringa. NVE gav avslag på overføring av sidebekk 13.05.2026.

Vedtak i Odda kommunestyre 17.06.2009 ved konsesjonssøknad av Grøndalselva kraftverk:

“1. Odda kommunestyre rår til at det blir gitt konsesjon for bygging av Grøndalselva kraftverk på følgende vilkår:

- a. Utbygger pålegges minstevannføring i sommerhalvåret*
- b. Rørtraséen legges slik i terrenget at inngrepet i eksisterende myrvegetasjon nedenfor elveinntaket blir minst mulig, og inngrepet med rørtraseen gjøres så skånsomt som mulig*
- c. Myr- og sumpvegetasjon på høydedraget som er planlagt forsert ved hjelp av et borehull skånes for inngrep i forbindelse med aktuell maskin- og utstyrstransport forbi denne lokaliteten.*
- d. Legge anleggsarbeidet utenom yngletiden for fugle- og dyrelivet i området.”*

Grøndalselva kraftverk fekk vilkår om minstevassføring etter vassressurslova § 8 av Olje- og energidepartementet 05.04.2013. Det skal sleppast ei minstevassføring på 100 l/s i sommarsesongen (01.05–30.09) og 50 l/s for resten av året (01.10–30.04).

Vurdering:

Det vil ikkje bli endringar av verken vassveg eller kraftstasjonen i samband med det omsøkte tiltaket. Endringa i minste slukeevne vil gje ei årleg produksjonsauke på 1,66 GWh.

Det vert fleire dagar med minstevassføring i elva i periodar det er låg til middels låg vassføring. Minstevassføringa sikrar noko liv i elva og er viktig for botndyr og insekt som er mat for fossekallen og andre fuglar.

Grøndalselva kraftverk er i villreinen sitt leveområde.

Samandrag konklusjon:

Rådmannen rår til at NVE gjev Bystøl AS løyve til endring av minste slukeevne i Grøndalselva kraftverk.